

# KYRKJELYDSBLAD



ÅMLI

NR. 1

GJØVDAL

PÅSKE 2020

TOVDAL

69. ÅRG.

## Sjå, Jerusalem: No din konge kjem!

Sjå, Jerusalem:  
No din konge kjem!  
Som ein frelsar logn og tolen  
rid han fram på asenfolen.  
Gled deg, du Guds stad,  
møt din konge glad!

Underfull i råd,  
Sterk i dug og dåd,  
Evig Gud, sin Faders like,  
Fredens fyrste i Guds rike  
- Med det namn han er  
Helsa i Guds hær.

Fredsam er hans ferd,  
Fager er hans gjerd.  
Sjå, han byd deg fred og frelsa,  
Gå då ut og honom helsa!  
Høgt av fagnad kved!  
I din Gud deg gled!

Gjer då vegn jamn  
Og velsign hans namn!  
Sions stad, syng ut og sanna:  
No kjem Jesus! Hosianna!  
Lovsyng han som dreg  
I Guds namn til deg!

Ja, til deg, til deg  
Går hans kongeveg.  
I ditt hus han heim vil finna,  
Og ditt hjarta vil han vinna.  
Inn din Frelsar bed,  
Og ditt hus får fred!

Signa du som kjem  
Til Jerusalem!  
Fredens fyrste frå Gud Fader,  
Vis ditt velde alle stader!  
Gjer kvart hjafterom  
Til din heilagdom!

# GOD PÅSKE!

# TIDEN ER KOMMET!

Jesus vet, at nå er tiden kommet til, at han nå skal oppfylle løftene om å være Herrens lidende tjener som gir seg selv som et offer for hele verden. Jesus vet hva som ligger foran ham. Han vet at han skal plages hardt, at mennesker skal lyve om han og at han nå skal løfte frelsens beger, det vil si: gi sitt liv til soning for menneskeslektens synd. All synd som er begått fra verdens begynnelse, og som blir begått frem til verdens slutt, blir samlet i det begeret Jesus drikker i påskens ved å dø på korset.

Jesus visste at nå er alt lagt i hans hender. Gud har lagt hele sitt rike og rikets fremtid i Jesu hender. Jesus var veldig klar på at han er Guds sønn som nå skal inn i den avgjørende kampen med alt det onde. Gjennom død og oppstandelse skal han vinne Guds rike og Guds rikes fremtid til alle mennesker, i hele verden, som vil tro på ham.

«Å, Herre, jeg er din tjener, en tjener og sønn av din tjenestekvinne», (Salme 116,16.) Dette får disiplene, - og siden du og jeg, - nå oppleve og erfare fullt ut. Jesus gir seg selv fullstendig. Han elsket sine egne helt til det siste, (Joh. ev. 13,1). En kjærlighet som ikke kjenner noen grenser. For det viser påskens og alle dens begivenheter at vi er elsket av Jesus med en grenseløs kjærlighet som gir seg selv fullstendig, helt inn i døden. Gud overøser oss med kjærlighet ved å gi sinn Sønn over til døden på et kors.

Derfor er påskens kjærlighetens store fest!

Når Jesus og disiplene skjærtorsdag er samlet ved bordet og holder påskemåltid gjør Jesus noe som var helt utenkelig i datiden og som får disiplene, ikke minst Peter, til å bli både overrasket og forskrekket. Peter protesterer høylytt mot det Jesus nå gjør. For Jesus reiser seg fra måltidet og legger av seg kappa. En mektig og fantastisk symbolhandling, der Jesus legger av seg sin himmelske kongeverdighet og så binder han et linkede om seg, hvilket betyr at han tar på seg kledet til en tjener. Jesus viser her at han gir avkall på sitt eget, han gir avkall på sin himmelske kongeverdighet, og blir en tjener lik. Han tok på seg en tjeners skikkelse. (Filipperbrevet 2,6 – 11). Som tjener begynner han å vaske disiplenes føtter.

Fotvasking var en kjent og hverdagslig handling på grunn av de støvete veiene. Men man vasket selv sine føtter. Å vaske andre sine føtter ble ansett for å være en ydmykende og nedverdigende handling. En jøde vasket ikke føttene på andre. Fotvasking ble ansett for å så ydmykende og nedverdigende at til og med jødiske slaver var fritatt fra denne oppgaven.

Men Herrens tjener, Jesus, vasker de skitne og såre føttene. Vi mennesker bærer så mange sår med oss igjennom livet, vi bærer så mange nederlag med oss. Også våre føtter er både skitne, hovnet og såret av vandringen på livets landevei. Jesus ser og vet hvordan du har det akkurat i dag og hva livet ditt er fylt av akkurat nå. Denne påsken sier Jesus til oss: La meg få lov å vaske deres føtter! La meg få lov å betjene dere med min kjærlighet, frelse, tilgivelse og omsorg. La meg få lov å betjene dere med nåde!

Når vi lar dette skje, blir det virkelig påske i våre liv!

Gledelig påskehøytid!

Jens Linde

### **VIL DU BLI MED I GIVERTJENESTEN?**

Åmli sokn er opptatt av å skape et godt og inkluderende miljø for barn og unge i Åmli, uavhengig av religiøs tilknytning eller bakgrunn.

Diakoniarbeid handler om å være til stede for andre på en god måte.

Åmli sokn støtter barne- og ungdomsarbeid og diakoniarbeid i Åmli

**VED Å FYLLE UT NEDENFORSTÅENDE SLIPP, BLIR DU EN VIKTIG ØKONOMISK STØTTESPILLER.**

Alle gaver gir rett til skattefradrag. Hver av oss kan trekke fra inntil 50.000 kr pr år. Givertjenesten ordner dette for deg, men da må du oppgi hele fødselsnummeret ditt. Alle opplysninger blir behandlet konfidensielt.

Avtal gjerne med banken din om et fast trekk i måneden. Eller om du ønsker giro, eller har spørsmål angående dette, ta kontakt med kirkeverge Liv Eikås-Homme, tlf 941 63 084.

**Velg beløp pr måned ved å sette kryss:**    200 kr    100 kr    \_\_\_\_\_ **Annet beløp**

**Navn:** \_\_\_\_\_

**Adresse ( og evt e-mail ):** \_\_\_\_\_

**Fødselsnummer ( 11 siffer ):** \_\_\_\_\_

**Givertjenestens kontonummer: 2801.51.87575**

**HJERTELIG TAKK FOR GAVEN DIN!**

**Åmli sokn**

# **Ikke ta på hverandre, men ta vare på hverandre!**

Vi har startet på den første arbeidsuka i denne merkelige unntakstilstanden. Noen har fått det veldig travelt i sine jobber mens andre måtte plutselig stoppe helt opp med det de driver med. Noen er bekymret for sykdom for seg selv eller sine. Andre er bekymret for økonomien og arbeidsplassen sin. Vi er i veldig ulike situasjoner.

De som er ensomme blir kanskje enda mere ensomme i denne tiden. For dem som sørger blir kanskje sorgen enda tyngre å bære.

Som kirke har vi famlet oss litt frem på hvordan vi kan være kirke i denne situasjonen. I krisetider er kirken gjerne et sted man søker til. Det er ikke mulig nå, i hvert fall ikke fysisk.

For dem som er på internett er det lagt ut ulike gudstjenester og andre ting, f.eks  
[www.nettkirken.no](http://www.nettkirken.no), [www.kirken.no](http://www.kirken.no)

## **Kirken på Facebook**

I vårt prosti har vi laget en egen Facebook-side der prestene og diakonen hver dag vil legge ut en andakt: [\*\*Aust Nedenes prost\*\*](#). Følg gjerne den! Menighetene har også sine FB-sider. På sykehjemmet blir det delt ut en andaktsfolder siden vi ikke får komme på besök.

## **Vi ber gjerne for deg!**

Hver dag ca. kl.12 vil vi be for vårt lokalsamfunn. Enten går vi i den lokale kirken om det er mulig eller sitter hjemme, tenner lys, ber for ordfører, rådmann, de som jobber på sykehjem og med helse og andre som har viktige stillinger i samfunnet. Vi vil be spesielt for dem vi vet har det vanskelig i denne tiden. Vi vil også gjerne ta dem som ønsker det, med i bønn. Vi ønsker derfor å utfordre folk til å sende sine bønneemner til den lokale presten eller diakonen så tar vi dem med i bønnene våre.

## **Samtale**

Ønsker noen en samtale ønsker vi å formidle at det bare er å ta kontakt; Enten ved å ringe, sende sms, messenger eller mail så kontakter vi deg!

Selv om vi ikke kan komme på hjemmebesøk kan vi likevel snakke i telefonen.

Vi ønsker å være der som kirke selv om kirkene er stengt. Som biskopen vår minnet oss om i sin tale: Kirken er mye mer enn den fysiske bygningen, kirken er alle de som tror og søker Gud.

Vi som er prester, diakon og mange andre ønsker å være der for folk i denne tiden!

Ragnhild E Floberg, Prost i Aust-Nedenes

## **Kontaktinformasjon:**

Fung.s.prest i Åmli: Christopher Woie  
Prostidiakon: Svein Birger Schøgren  
Prost Ragnhild E Floberg:

[chrwoie@gmail.com](mailto:chrwoie@gmail.com)  
[svein.schogren@gmail.com](mailto:svein.schogren@gmail.com)  
[prost@tvedestrandskirken.no](mailto:prost@tvedestrandskirken.no)

tlf: 905 51 870  
tlf: 913 04 872  
tlf: 900 65 245



DEN NORSKE KIRKE

## Kirken anbefaler at vårens konfirmasjoner blir utsatt.

Pga. koronaepidemien har Den norske Kirke på landsplan vedtatt at alle vårens konfirmasjoner skal utsettes til høsten. Dette vil også skje her i Åmli kommune.

Konfirmanter og foreldre vil få tilsendt informasjon om ny tentativ dato.

**Slik situasjonen er nå, vil gudstjenestene i påsken også avlyses!  
Det kan også bli andre endringer i gudstjenestelista utover våren.**

I Tvedstrand planlegges det nå nettgudstjenester på 5-10 min for palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskedag som legges ut på Youtube.

Disse dagene vil også biskopen Stein Reinertsen legge ut nettgudstjenester og det er selvfølgelig også TV-gudstjenester og radiogudstjenester så det er mulig å henge seg på dette. Alt dette blir lagt ut på FB-gruppa Aust Nedenes prost.

Følg «Aust Nedenes prost» på Facebook.

Følg også med på våre hjemmesider: [www.amli.kirken](http://www.amli.kirken) og [www.kirken.no](http://www.kirken.no)  
Kirkevergen legger også ut litt info på «Åmli –ein god stad å bu» på Facebook.

Så snart denne situasjonen normaliserer seg, vil kirkedørene bli åpnet igjen!

**Kontakt oss om du ønsker å snakke med oss!**

**Kirkevergen**

---

## Konfirmantar 2020

Thea Baas

Sveinung Valle Engenes

Ida Skare Hansen

Ingeborg Riisland

Arne Hansen Smeland (skal konfirmerast i Gjøvdal kyrkje)

Thomas Råbu Steinklev

Mathias Svendsen Weistad

Sara Aaland

Det blir konfirmasjon i Åmli kyrkje 6. september og i Gjøvdal kyrkje  
13. september.



Prostidiakon Svein Schøgren og  
Marit G. Kleivene

**NEDENES PROSTI HAR FÅTT NY  
PROSTIDIAKON: SVEIN SCHÖGREN.  
OPPGAVENE ER SUPERVIKTIGE, MEN VET  
DU EGENTLIG HVA HAN GJØR? JEG  
KONTAKTET HAM FOR Å FÅ VITE LITT MER  
OM HVA HAN DRIVER MED.  
SVEIN HAR ET MOTTO, LÅNT FRA KIRKENS  
BYMISJON:**

«*Ingen er bare det du ser.*» Vi har så lett for å dømme folk etter førsteinntrykket og det blir så feil. Vi reiser alle rundt med ulike ryggsekker og bare den som bærer sekken vet hva som er oppi. Noen ganger må man kanskje ha hjelp til å sortere litt av innholdet. Det er så mye tung og unødvendig bagasje vi drar rundt på,» sier Svein.

**Jeg spurte ham ut litt mer om oppgavene hans. For det første: *Hva er diakoni?* Og Svein forklarer:**

«Diakoni er kristen tro i praksis. Det betyr å være til stede for folk fordi de er medmennesker. Det kan være å besøke en som strever med livet på grunn av sykdom, dødsfall, rus eller andre faktorer. Mange er ensomme og trenger en å snakke med,» svarer han.

Nå har han vært prostidiakon i Aust-Nedenes i 1 ½ år. Mange har truffet ham på diakoniets dag i kirken eller ved andre anledninger.

«Jeg har hatt mange gode møter med mennesker. Det har blitt samtaler under fire øyne og i større grupper. Møte med årets konfirmantkull satte jeg spesielt pris på. Da snakket vi om vold og overgrep, grensesetting og at det er mulig å ha en kristen tro, selv om livet er vanskelig.»

## Sorggruppe

Prostidiakonen vil gjerne invitere folk til å være med i sorggrupper.

«Det koster ikke noe å delta. De er politisk og religiøst nøytrale, men de som ønsker å snakke om tro og eksistensielle spørsmål, kan ta det opp på eget initiativ.

De som deltar i samtalegrupper, får god hjelp til å komme videre i sin sorgprosess. Det er godt å treffen andre som går i liknende terrenge. I en slik gruppe vet du at de andre forstår hva du snakker om, fordi de har vært der selv. Ingenting er så ille at det ikke går an å snakke om.

*Akkurat som  $2+2=4$ , er delt glede dobbelt glede og delt sorg er halvert sorg. Blir det nok deltagere, setter vi gjerne opp et slikt tilbud i nærheten. Ta kontakt med kirkekontoret eller med meg direkte, så tar vi en samtale om det, sier han.*

## **Invester i frivillighetsbanken**

Det er helt umulig for en diakon i 50 % stilling fordelt på fem kommuner, å ivareta de enorme behovene. Derfor er det stort behov for frivillige.

*«Jeg prøver å være til stede der behovet er størst. Men det trenges frivillige hender, føtter, ører og hjerter. Der kommer du inn! Har du litt tid til overs, så bruk den på noe som gir varig verdi. Og husk at dette er investeringer som du garantert får renter på. En ting er at det skaper gode vennskap og gir mye glede. Men det er også sånn at mange av oss før eller siden er den som er i behov av hjelp i en situasjon,» konkluderer Svein Schøgren.*

Svein Schøgren

Øyvind Kopperud

I samarbeid med fagfolk fra helse og psykiatri, vil diakonen i 2020, arrangere introduksjonskurs for frivillig omsorgsarbeid. Det kan være trygt å få noen gode råd og nøkler for å komme i gang.

## **Tovdal kyrkje 200 år**

Tovdal kyrkje på Hillestad blei bygd i 1820 og fyller 200 år i år. Dette skal feirast med jubileumsgudsteneste 30. august. Biskop Stein Reinertsen har meldt frå om at han vil komme på besøk. Det same vil prosten i Aust-Nedenes prosti Ragnhild Eikeland Floberg. Det blir samling i Almuestoga etter gudstenesta. Vi får høre om kyrkja si historie, og det blir musikkinnslag. I august vil du finne meir informasjon i Tvedestrandsposten, på Facebook og på [www.amli.kyrkja.no](http://www.amli.kyrkja.no).

## **Gåve frå Sparebanken Sør**

Åmli sokn har mottatt gåve frå Sparebanken Sør, avd. Åmli, på kr 20 000,- til nytt AV/projektoranlegg i Åmli kyrkje.

Åmli sokn takker hjarteleg for gåva!

*Bilete som viser overrekkinga, vil verte publisert ved seinare anledning!*

## Info frå kyrkjeverje:

### *Blomsterstell og gravlegater*



På gravplassane i Åmli kan vi tilby å overta ansvaret for plantestell på gravstadene. Dette kan anten betalast forskotsvis årleg, eller det kan oppretta eit gravfond. Vedtekten for gravplassane i Åmli kommune gir anledning til at det ved innbetaling av ein bestemt sum blir oppretta eit gravfond. Gravfondet blir forvalta av kyrkjeverja. Det innbetalte beløpet med tillegg av renter skal dekke utgifter til vanleg stell av gravstaden for eit tidsrom avgrensa til fredningstida eller festetidas lengde. Avtalen kan ikkje seiast opp i den avtalte perioden.

Dersom det i den avtalte perioden oppstår slike økonomiske forhold at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjeverja gi beskjed til festaren eller den som har ansvar for grava. Det er anledning til å auke fondet, slik at det varer ut den avtalte periode. I motsett fall vil vedlikehaldet opphøyre når midlane er brukt opp. Skulle det vere midlar igjen når avtaletida for fondet er ute, blir desse å anvende av Fellesrådet til alminneleg forskjønning av kyrkjegardane. Kyrkjeverja fører eigen rekneskap for kvart fond, som blir revidert kvart år av kommunens revisor. Det blir rekna ei årleg administrasjonsavgift på kr 100,- pr. avtale.

#### **Prisar for sommarstell:**

Etablering av nytt gravstell: inkl. sjølvvatningskasse ferdig nedsett:	Kr. 1500,- (Eingongsavgift)
Sommarstell (planting 3 gonger i løpet av sesongen)	Kr. 1250,- pr. år
Sommarstell i dobbel kasse	Kr. 1500,- pr. år
-Etablering av dobbel sjølvvatningskasse	Kr. 1750,- (Eingongsavgift)

Kontakt

Liv Eikås-Homme

Kyrkjeverje

Tlf: 37 18 52 71 / 941 63 084 e-post: [liv.eikas@amli.kommune](mailto:liv.eikas@amli.kommune)

## *Sikring av gravminne:*



Telen arbeider mykje med grunnen i løpet av vinteren og mange gravminne vert stående på skeive når våren kjem. Det er festars ansvar å sørge for at gravminnet vert retta opp og ikkje representerer ein veltefare.

Ta kontakt med gravplasspersonalet eller kyrkjeverje dersom gravminnet du har ansvar for, står skeivt og du ikkje klarer å rette det sjølv.

Har de som besøker gravplassane, behov for å spørje om praktiske ting, kan de ta kontakt med gravplasspersonalet på staden. Gjeld spørsmålet fornying av gravstad, festeavgifter, festetider e.l., ver vennleg å ta kontakt med kyrkjeverja.

### **ÅMLI KYRKJEKONTOR**

Opningstider:

Tysdag-torsdag 10.00-14.00

Besøksadresse: Helsehuset, Gata 21

Postadresse: Postboks 57, 4864 Åmli

Tlf. sentralbord: 37 18 52 70

Tlf. kyrkjeverje: 37 18 52 71 / 941 63 084

Heimeside: [www.amli.kyrkja.no](http://www.amli.kyrkja.no)

Kyrkjeverja sin telefon er som oftast betent frå måndag til torsdag frå 09.00-15.00. Opningstidene våre er tysdag til torsdag 10.00-14.00.

Kyrkjekontoret svarar på alle spørsmål om kyrklege handlingar og om verksemda i sokna.

Kyrkjeverja har ansvar for spørsmål om gravferd, gravplassar og bygningar. Under kyrkjeverjas ansvarsområde er mellom anna også alle tilsette i kyrkjene og på kyrkjegardane, samt økonomien. Velkommen innom!

### **Namn, telefonnummer og e-post til dei tilsette**

Kyrkjeverje:	Liv Eikås-Homme	37 18 52 71 941 63 084	<a href="mailto:liv.eikas@amli.kommune.no">liv.eikas@amli.kommune.no</a>
Sokneprest:	Jens Linde	37 18 52 72 975 09 035	<a href="mailto:jens.linde@sokn.no">jens.linde@sokn.no</a>
Organist:	Salve Kallevig	37 18 52 73 911 00 356	<a href="mailto:salve.kallevig@amli.kommune.no">salve.kallevig@amli.kommune.no</a>
Kontorsekretær, kyrkjetenar Åmli og Gjøvdal, trusopplærings- koordinator	Gerd Kallevig	37 18 52 70 971 24 733	<a href="mailto:gerd.kallevig@amli.kommune.no">gerd.kallevig@amli.kommune.no</a>
Kyrkjetenar Tovdal kyrkje:	Ellen W. Ramse	991 02 821	

# **Skapt - Døpt – Sendt - SMM 25 år**

## **Døpt til å dele!**

Når vi døpes, får vi del både i et lokalt, men også et grensesprengende globalt felleskap med samme oppdrag. Korset presten tegner på den som døpes ved døpefonten gir en dyp tilhørighet, til Kristus naturligvis og den lokale menighet, men også til hele den verdensvide kirke. Vi blir del av noe større enn oss selv som også gir retning for livet vårt. Vi sendes ut av våre komfortsoner for å bety en forskjell i verden.

I samarbeidet mellom Den norske kirke og misjonsorganisasjonene som kalles *SMM* har det utkrystallisert seg et ønske om å styrke vår kristne identitet som Skapt -Døpt –Sendt: Hvert enkelt menneske er *Skapt* i Guds bilde unike og umistelige. *Døpt* til å tilhøre Jesus Kristus i liv og død. Og *Sendt* til våre medmennesker og verden for å bety en forskjell og dele den kristne tro i ord og handling.

## **Kirken - et delefolk**

Noen forbinder ordet misjon med kulturimperialisme og tvang til tro. Egentlig betyr det «sendelse» (latin: missio).

Den norske kirke sier i sin visjon at vi er *en misjonerende kirke*.

Men hvorfor beholde misjonsordet når det kan gi feil assosiasjoner?

For å holde fast ved at vi som kirke og døpte faktisk har del i noe som er for alle.

Den kristne Gud er Gud for alle ikke bare for noen bestemte folk, grupper eller miljø. Gud er universell. Også for å minne oss om at vi ikke har rett til å holde det for oss selv- tvert imot blir vi sendt for å dele i ord og handling. Vi er som døpte – et delefolk. Sendt for å dele både det vi har av materielle goder og de dype skatter vi har i vår tro: Forsoning, tilgivelse, rettferdighet etc!

Det handler om at vi som kirke ikke kan være oss selv nok, om gjestfrihet, om å invitere inn i åpne felleskap, og også om å gå ut, ofte utenfor vår egen komfortsone. Kirken er både et «kom» og et «gå», slik ungdommens kirkemøte har sagt det.

## **Samarbeid menighet og misjon - SMM 25 år**

Samarbeidet mellom Den norske kirke og misjonsorganisasjonene

Samarbeid menighet og misjon – SMM- feirer 25-års jubileum i år (1994-2019).

Pr. i dag har 955 av Dnks 1200 menigheter misjonsavtale med en eller flere av de syv SMM-organisasjonene (se mer [kirken.no/smm](http://kirken.no/smm)). Det er strålende! Dette har vi fått til sammen!

SMMs visjon som har stått seg i disse 25 årene lyder:

*Sammen om misjonerende menigheter  
hvor evangeliet frigjør og utruster mennesker  
til å dele troen  
i handling, nærvær og ord  
lokalt og globalt*

## **Samarbeid i over 40 land**

Gjennom samarbeidet med SMM-organisasjonene har norske lokalmenigheter dermed et konkret tilknytningspunkt til det globale kirkefellesskapet. Misjon blir ofte sammenlignet med et vindu. Med et åpent vindu får vi både frisk luft inn og syn ut. Det er noe befridende og sunt med et åpent vindu. Vi blir ikke innestengt i vår egen lille virkelighet, men åpner opp for verden. Gjennom samarbeid med de 7 misjonsorganisasjonene og deres partnere og søsterkirker har vi mottatt impulser og relasjoner som har skapt noe nytt hos oss.

Men i dagens situasjon trenger vi i enda større grad å se oss som døpt inn i den verdensvide kirke med et felles oppdrag! Menighetene oppfordres til å la denne identiteten prege trosopplæring, gudstjenesteliv og måten vi er kirke på. Hva gjør din menighet og lokalmiljø ut av denne muligheten?

De sju organisasjonene i SMM er:

*NMS, Normisjon, Misjonsalliansen, Israelsmisjonen, Stefanusalliansen,*

*HimalPartner, Areopagos*

*Mer info på [www.kirken.no/smm](http://www.kirken.no/smm)*

## **GÅVER TIL KYRKJELYDSBLADET 2019.**

Bjørg Krog Kleivene, Karin van Zijp, Kari Gerd Riisland, Ole Kristian Nylund, Klara Gunvor Nesheim, Astri Synnøve og Kåre Bakken, Liv Gunvor Ramse, Olav Dahl, Mats Arild Askland, Olav Riisland, Eldrid Øy, Olga og Vrål Magne Nylund, Anne Marie Vehus, Asta og Thorvald Austenå, Bjørg Olaug Johansen, Gjøvdal Fossekompani, Irmgard Standal, Torleif Myhre, Kari Hagelia Olstad, Anne Sissi Vehus, Terjei Tveit, Dagny Røyneland Hørsdal, Gunvor Helene Olstad, Brit Tove og Knut Støylen, Grethe Baasland, Gunvor H. Oland, Kirsti-Helen og Kurt-Tore Aas, Synnøve Askland, Gerd Wessel-Hansen Tangen, Alfild Gausen, Elling Riisland, Marie Engestøl, Bjørg og Olav Dahl, Anne-Marie Vindholmen, Olav D Y Ramse, Sigrid Lunden, Klara-Gunn Kateraas Fløystad, Tore Kristoffer Dahler Kateraas, Erna Vindholmen, Rolf Harstveit, Astri Synnøve og Kåre Bakken, Rune Nylund, Olaug og Steinar Hushovd, Åse Elisabeth Jansen, Erik Ballestad, Anne Søyland, Hilde Hansen Smeland, Thor Kåre Kalvik, Olav kristian Kleivene, Gjertrud Risål Halvorsen, Angrim Flaten, Ingeborg Bruun, Kari Monen Karlsen, Gudmund Gauslaa, Irmgard Standal, Ole Moe Hægestøyl, Kåre Ufsvatn, Øyvind Kopperud, Turid Ellinor Haugstøyl, Torhild og Knut Solvang, Christopher Woie, Inger Oland, Ellinor og Olav J Oland, Karin van Zijp, Liv Ann Skjeggedal, Astrid og Einar Austenå, NN, Ingebjørg Lauvdal, Jenny Raudåna, Grethe Rosa Baasland, Laila og Terje Steinsland, Anna Gunhilde Dukane, Hallvard Harstveit, Signe Mjåland, Øystein Epletveit, Ellen Johanne Wingereid Ramse, Arne Smeland, Olaf Sundstøl Moe, Nils Jørundland, Halvor Nylund, Signe Alise Olstad, Laila og Ole Kristian Nylund, Sveinung Seljås, Solveig og Kjell Nylund, Mats Arild Askland, Berit og Otto Storbrua, Oddvar Aslaksen, Solfrid og Oddbjørn Haugli, Olav T Åsheim, Mogens Olsen, Astrid og Arnt Øygarden, Linda Ann Smestad, Vidar Haugli, Jon Arild Vindholmen, Olav Riisland, Erna Eriksen, Anne Lise Vehus, Gunstein G. Krossbakk, Bjørg Skjeggedal, Astrid og Jens Magne Føreland, Heidi Halvorsen.



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

## ÅRETS FASTEAKSJON BLIR DIGITAL OG ER VIKTIGERE ENN NOENSINNE

Kirkens Nødhjelp sin årlige Fasteaksjon er Norges nest største innsamlingsaksjon.

For å hindre spredning av koronavirus også her hjemme i Norge vil våre konfirmanter og innsamlere i Fasteaksjonen ikke komme på døra. Dette betyr at pengene til årets fasteaksjon ikke samles inn dør til dør, men via Vipps 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale medier, særlig Facebook der Åmli sokn har opprettet innsamlingsaksjon.

I en så krevende situasjon, må vi stå sammen og hjelpe hverandre. Vi er alle sårbare nå. Hjelp oss å hjelpe de mest sårbare. Vær med på å redde liv og støtt oss digitalt i årets fasteaksjon.



# Årsmelding for Gjøvdal sokneråd 2019

Gjeld frå 1.10.2018-31.12.2019.

Dette er den siste årsmeldinga frå Gjøvdal sokneråd, og nå blir Gjøvdal sokneråd og soknerådet for Åmli og Tovdal slått saman til eitt sokneråd: Åmli sokneråd. Det let seg ikkje gjere å få ni personar til å stå på lista til soknerådsvalet for Gjøvdal. Vi måtte ta ei avgjerd: Slå saman dei to sokneråda til Åmli sokneråd. Det nye soknerådet er både sokneråd og fellesråd.

## **Styret i denne perioden i soknerådet:**

Leiar Ellinor Oland, nestleiar Elisabeth Harstveit, kasserar Elbjørg Smeland, sekretær kyrkjeverje Liv Eikås-Homme, styremedlem Gunvor Oland, styremedlem sokneprest Jens Linde frå 1.1.2019. Christopher Woie har vore vikar i 2018. 1. varamedlem til styret er Arne Smeland. Gudstenesteutval: Heile soknerådet.

**Fellesrådet:** Ellinor Oland og Elbjørg Smeland er faste medlemmer, varamedlemmer Elisabeth Harstveit og Gunvor Oland.

Frå 1.10.18 til 31.12.19 har vi hatt 5 møte i soknerådet, og 1 soknemøte. Vi har behandla 15 saker og diverse orienteringssaker frå soknerådet konstituerte seg i oktober 2017. Saker: Gudstenesteplan, offersøknader, diakonitenesta, støtte til misjonsprosjekt i Nepal, årsmelding, rekneskap, givarteneste, kyrkjeval, fordeling/bruk av soknerådet sine pengar ved overgang til Åmli.

Elles kan nemnast: Ny sokneprest er Jens Linde som tok til i stillinga i januar 2019. Christopher Woie slutta som fast vikarprest.

Ofringane der vi kan velje mottakar, går meir til lokale tiltak, dvs. at vi gir t.d. til søndagsskulen,

Nokre av møta i soknerådet har vore felles med soknerådet i Åmli, det har vore praktisk når sakene har vore felles for begge sokneråda.

Givarteneste har blitt drøfta, økonomien er ikkje så god som ein kunne ønske.

**Diakoni:** Aust-Nedenes prosti har prostidiakon i 50% stilling med kontor i Tvedstrand.. Åmli og Gjøvdal sokneråd har eit felles diakoniutval. Svein Schøgren er prostidiakon i 50% stilling frå hausten 2018. Sokneråda betaler litt av løna til prostidiakonen, men sokneråda har ikkje økonomi til å løne ein diakon. Etter at Opplysningsvesenets fond ikkje gir tilskot til løn etter prosjektpersonen, må kommunane ta ansvar for å gi tilskot til løn. Dei andre kommunane i Aust-Nedenes prosti har gitt kr 25.000 ekstra i 2019, slik ein har bede om. Det gjorde ikkje Åmli. I Åmli er prostidiakonen m.a. med i kriseteamet, og han blir brukt på ÅPOS.

Soknerådet held fram med å gi gåver/helsing til eldre til jul, samt blomster til dei som fyller 80 år, 85 år osv. Soknerådet har dette som ein del av diakonitenesta. Frå 2020 tar Husflidslaget over ansvaret for denne tenesta. Pengane Gjøvdal helselag gav til soknerådet, blir overført til Husflidslaget som bruker desse pengane til gåver.

**Misjonsprosjekt:** Soknerådet støtta Normisjons prosjekt med eit sjukehus i Okaldhunga, Nepal fram til 2016. Vi forlenga perioden med støtte til Okaldhunga.

Ei ofring pr år går til prosjektet. Dette gjer vi saman med Åmli. Støtte til prosjektet i Nepal var slutt i september 2019. Det nye soknerådet må ta stilling til om det vil halde fram med prosjektet.

**Verneplanen:** Vi minner om at bilde av verna gravminne ligg på Åmli kyrkje sine nettsider. Soknerådet prøver å gjere litt vedlikehald på verna gravminne utan festar.

## **Gudstenester og trusopplæring (gjennom aktivitetar knytt til gudstenesta) i 2019**

**NB!** Oversikten over gudstenestene følgjer kalenderåret.

Trusopplæringsplanen blir brukt som innslag i nokre gudstenester. Det vil ein halde fram med.

Til orientering: Barn fødde i 2017 og framover, døypte i Gjøvdal, kan få opplegget kalla Tripp Trapp fram til dei er tre år, viss foreldra ønsker det. Dei må vere busett i kommunen. Det nye soknerådet i Åmli må avgjere om dette tiltaket skal halde fram. Vi har som oftest kyrkjekaffe i samband med gudstenester. Er det konfirmantar, er dei med i gudstenesta som minestrantar. Dei får og ansvar for kyrkjekaffen i nokre gudstenester. I 2018/19 var det tre konfirmantar som hadde denne oppgåva.

Gudsteneste i januar m/nattverd, songgudsteneste

Gudsteneste i februar med nattverd, bygdegudsteneste

Gudsteneste i mars med nattverd, soknemøte

Gudsteneste på Vindilhytta i påska (skjærtorsdag)

Høgtidsgudsteneste m/nattverd 2.påskedag

Gudsteneste i mai, tre konfirmantar

Gudsteneste i juni, 2.pinsedag, sommargudsteneste

Gudsteneste i august med nattverd

Hausifikkefest i september, med 4H, konfirmantpresentasjon, utdeling av Mi kyrkjebok

Gudsteneste med nattverd i oktober

Gudsteneste med gullkonfirmantane i oktober saman med Åmli

Minnegudsteneste saman med Åmli i november

Gudsteneste med nattverd i november

Lysmesse i desember, med konfirmantane

Høgtidsgudsteneste 1.juledag

Takk til tilsette på kyrkjekontoret for arbeidet de gjer. Takk til dei som står for arbeidet med Kyrkjelydsbladet, og til dei som deler ut bladet.

Soknerådet i Gjøvdal takkar for tida vi har vore i soknerådet og ønsker Åmli sokneråd lykke til med arbeidet vidare.

Gjøvdal, 31.12.2019

Ellinor Oland

leiar i Gjøvdal sokneråd

# Årsmelding for Åmli sokneråd 2019

**Soknerådet har hatt følgjande medlemmer fra januar fram til kyrkjevalet i september:**

*Faste medlemmer:*

Kari Hagelia Olstad, leiar

Olav Kristian Kleivene, nestleiar og repr. i Fellesrådet

Åsta Synnøve Harstveit Mattingdal, misjonskontakt,

trusopplæringskontakt/babysang

Liv Gunvor Ramse, kasserar, gudsteneste-utval og repr. i Fellesrådet.

Jon Støren

Otto Storbrua

Sokneprest Jens Linde

Sekretær/ kyrkjeverje Liv Eikås Homme

*Varamedlemmer:*

Linda Merete Dale, KN kontakt (Kirkens Nødhjelp) 1.vara møter fast

Erik Birkedal

Oppgåvene knytt til diakoni er fordelt mellom soknerådsmedlemmene.

Jens Linde blei tilsett som sokneprest av Bispedømmerådet 25. september 2018.

Han tok til i stillinga i januar 2019. Innsettingsgudsteneste 20. januar.

**Soknerådsmedlemmer etter kyrkjevalet:**

*Faste medlemmer:*

Halvard Skårdal, leiar

Sigrid Nesland Vejen, nestleiar

Olav Kristian Kleivene

Øyvind Kopperud

Jon Støren

Linda Merethe Dale

*Varamedlemmer:*

Gunhild Elena Stene Dale, Rolf Harstveit, Erik Birkedal, Dirk Jeroen Nijzink,

Kasper Vejen

Første og andre vara møter fast. Då blir Tovdal og Gjøvdal representert i alle møta.

Det er f.o.m. 1. januar 2020 eitt sokneråd i heile Åmli kommune. Det blir derfor ikkje lenger valt Fellesråd.

**Saker til behandling:**

I 2019 har soknerådet hatt 5 møte og behandla 14 saker:

Gudstenesteplan, møteplan, årsmelding og rekneskap 2018, offersøknader, val av leiar og nestleiar, misjonsprosjekt. I tillegg kjem referat og orienteringssaker. Soknemøtet blei halde 24.03.

Spesielle saker i 2019 har vore: Kyrkjevalet hausten 2019. Soknerådet var valstyre og valkomité. Det blei lagt ned mykje arbeid med å finne kandidatar. Vedtak om felles sokneråd Åmli-Gjøvdal.

Det nye soknerådet har hatt eitt møte med ei «fellesrådssak», budsjett for 2020. Det har vore to andre møte med i alt ni saker.

Sidan kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje, har ein lite med midlar til disposisjon for soknerådet og kyrkja elles. Soknerådet har etablert ei fast gjevarteneste. Frå gåvene som kjem inn, har ein prioritert barne- og ungdomsarbeid.

### **Misjonsprosjekt**

Soknerådet støtter Normisjon sitt prosjekt i Okaldhunga i Nepal med ei fast ofring i året.

Vi støtter også Normisjons prosjekt i Senegal med ei fast ofring i året. Ingrid Øi Amlie(fra Åmli) og Einar Amlie er engasjert i dette prosjektet.

### **Diakoni**

Åmli sokneråd deltar vidare i samarbeidet om prostidiakon, ordninga er nå permanent. Svein Schøgren er tilsett som diakon. Kostnaden for Åmli sokneråd er i hovudsak dekt ved ofring. Det er også etablert diakoniutval. Prostidiakonen har eigen årsrapport. Diakoniarbeidet er noko som kjem mange i Åmli til gode..

### **Aktivitetar dette året:**

Innsettingsgudsteneste, sokneprest Jens Linde

Årsmøte/ Diakonigudsteneste

Barnas Misjonsdag

Gudsteneste Askeonsdag

Konfirmant – prosjektgudsteneste/ konfirmantfest m/foreldre

Bibeldag/ trusopplæringsgudsteneste

Fastelavnsgudsteneste v/ søndagsskulen

Fasteaksjon

Påskevandring v/ Normisjon

Påskekonsert i Tovdal kyrkje langfredag

Friluftsgudsteneste Hovdefjell

Konfirmantgudstenste

Andakter på ÅPOS annankvar veke v/sokneprest og organist

Grillgudsteneste

Olsokmesse

Søndagsskulens dag

Hausakkfest i begge kyrkjene, med konfirmantpresentasjon i Åmli

Gullkonfirmantfest – felles med Gjøvdal kyrkjelyd.

Minnegudsteneste - felles med Gjøvdal kyrkjelyd.

Ljosmesse

Julekonsert i Åmli kyrkje v/ Salve Kallevig

Fire gudstenester på ÅPOS, den eine julaftan.

Skulegudsteneste før jul

Julegudstenester i begge kyrkjene.

Besøk hos eldre som jubilerer v/soknerådsmedlemmene

Soknerådet ser at det er viktig å ha kyrkjekaffi etter ein del gudstenester.

Konfirmantane og soknerådsmedlemmene deler på ansvaret. Konfirmantane deltar også som ministrantar i gudstenestene.

Vi i soknerådet vil takke alle dykk på kyrkjekontoret som bidrar til alt arbeidet i kyrkelyden og på gudstenestene.

Vi vil også takke alle frivillige som deler ut Kyrkjelydsbladet og ikke minst bladstyret. Kyrkjelydsbladet blir delt ut til alle innbyggjarane i kommunen og blir godt mottatt.

Kari Hagelia Olstad

Halvard Skårdal



No kan du gi gave og offer til Åmli sokn med Vipps!

Dette gjeld ofringar i alle kyrkjene, samt om du ønsker å gje ei gave til soknet.

Vipps nr: 10 61 04

eller søk opp Åmli sokn i appen.

Merk innbetalinga med anten offerformål/dato på gudsteneste eller gave til soknet.

**DØLEMOKLUBBENS  
SAMLINGER PÅ DØLEMO  
MISJONSHUS FORTSETTER  
TIL HØSTEN PÅ TORSDAGER  
KL. 18.00 – 19.30**

Hobbyaktivitet, sang, andakt  
og litt mat på samlingene.  
**ALLE VELKOMMEN**

**I JUNI ER DET LEIR PÅ  
EVJETUN. PÅMELDING**

**BABYSANG STARTER OPP  
IGJEN ETTER HØSTFERIEN  
PÅ MENIGHETSSENTERET**

Babysang er samarbeid mellom  
Kirken og eierne av Åmli  
Menighetssenter.  
Alle med små i passende alder er  
velkommen  
Ved interesse; ta kontakt med  
kyrkjekontoret på tlf: 37 18 52 70,  
eller stikk innom på helsehuset.



## DØYPTE

Tovdal kyrkje:

23.02.20 –

Alida Baas-Otterbeck

Åmli kyrkje:

01.03.20 –

Konrad Utsi Bjørnbakk

Gjøvdal kyrkje:

15.03.20 –

Luna Amari Lunden



## DØDE

Avlidne som ikkje blir gravlagde frå nokon av kyrkjene i Åmli, får vi ikkje lenger melding om, sjølv om dei er busette i kommunen når dei går bort.

Åmli kyrkje:

Salve Austenå

f. 1927 – d. 19.11.19

Anne Tomine Knudsen

f. 1945 – d. 02.12.19

Reidun Strandeng Gjøvland

f. 1953 – d. 14.02.20

---

## Kyrkjelydsblad for Åmli, Gjøvdal og Tovdal

**Utgjevar:** Åmli sokneråd

**Bladstyre:**

Jens Linde, Kari Gerd Riisland, Øyvind Koppenrud,

Kasper Vejen og Halvard Skårdal

**Bladet blir sendt gratis til alle heimar i Åmli kommune.**

Trykk: Åmli kyrkjekontor

**Gåve til Kyrkjelydsbladet: Konto 2821.40.07314**

eller Vipps 10 61 04 (merk Gåve Kyrkjelydsblad)

Alle som har postboks i Åmli sentrum må ta kontakt med Kyrkjekontoret dersom du ønsker å motta Kyrkjelydsbladet! Blada må adresserast!



## Gudstenestelista:

VÅR/ SOMMAR 2020

### APRIL

#### PÅSKA 2020

##### PALMESUNDAG, 05.04

**kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Gudsteneste m/nattverd.

Takkoffer: Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

**Onsdag 08.04 kl. 11.00 –**

~~ÅPOS~~ Gudsteneste m/nattverd

##### SKJÆRTORSDAG, 09.04

**kl. 12.00: Vindihytta**

Gudsteneste

**kl. 19.00: Åmli kyrkje**

Påskemåltidsgudsteneste

##### LANGFREDAG, 10.04

**kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Pasjonsgudsteneste m/Normisjon

##### PÅSKEDAG 12.04

**kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Høgtidsgudsteneste m/nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

##### ANDRE PÅSKEDAG 13.04

**kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje**

Høgtidsgudsteneste m/ nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

##### 26.04 kl. 11.00: Åmli kyrkje

**Konfirmantenes prosjektgudsteneste**

**Utsett til 23. august.**

### MAI

##### 03.05 kl. 11.00: Tovdal kyrkje

Gudsteneste m/nattverd.

Takkoffer: Trusopplæringsarbedet

bl.a. Babysong

##### 17.05 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Familiegudsteneste.

Takkoffer: Den Norske kirke i utlandet

##### 21.05 kl. 12.00: Hovdefjell

Fellesgudsteneste m/Vegårshei.

Kristi himmelfartsdag

### **24.05 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje**

Konfirmasjonsgudstjeneste

Takkoffer: Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden. **Utsett til hausten.**

### **31.05 kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Konfirmasjonsgudstjeneste

Takkoffer: Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden. **Utsett til hausten.**

### JUNI

##### **01.06 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje**

Pinsegudsteneste. Takkoffer: Norges kristelige student og skoleungdomslag

##### **07.06 kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Gudsteneste m/ nattverd – Barnas misjonsdag. Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap

##### **21.06 kl. 11.00: Åmli –**

##### **Badeplassen, Engenes**

Grillgudsteneste

Bokgåve til 8. åringene

Utrykt for regn: I kyrkja

### JULI

##### **Onsdag 01.07 kl. 11.00 –**

~~ÅPOS~~ Gudsteneste m/nattverd

##### **05.07 kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Gudsteneste m/ nattverd. Takkoffer: Bokgåver i Trusopplæringsarbeide

##### OLSOK - Onsdag

##### **29.07 kl. 17.00 : Gamle kyrkjetomta**

Utrykt for regn: I kyrkja

### AUGUST

##### **02.08 kl. 11.00: Åmli kyrkje**

Gudsteneste m/ nattverd Takkoffer:

##### **16.08 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje**

Gudsteneste m/ nattverd Takkoffer:

##### **23.08 kl. 11.00: Åmli kyrkje**

**Konfirmantenes prosjektgudsteneste**

Takkoffer: Onsdagsmiddagen på menighetssenteret

##### **30.08 kl. 11.00: Tovdal kyrkje**

200-års jubileumsgudsteneste.

Nattverd.

Biskop Stein Reinertsen, Prost Ragnhild Eikeland Floberg og Sokneprest Jens Linde deltar.

# SALMESTAFETTEN

Når eg tenkjer tilbake på barndommen min, kjem mor mi alltid fram i minnet mitt. Ho var den eg gjekk til med alt eg hadde på hjarta. Og svara eg fekk, ga meg tryggleik og støtte.

Eg er født under krigen, men den hugsar eg lite av. Like etter krigen, var det mange predikantar som reiste rundt i bygd og grend. Mange av dei budde heime hjå oss, og heldt husmøte. Dei fleste var hyggelige, men det var òg nokre som skremde meg med toretalane sine. Mange på min alder hugsar nok desse «svovelpredikantane». Eg var ikkje gamle jenta då ein av dei forkynte at dersom eg ikkje ville bli omvendt, skulle eg komme til en frykteleg plass.

Då var mor god å ha. Eg hugsar ennå spørsmålet mitt, og svaret ho ga. «Kvífor må eg omvende meg? Eg har då alltid trudd på Jesus.» Svaret hennar var trygt og greitt. «Så lenge du trur, er det ingen grunn til omvending.» Deretter siterte ho Johannes 3.16.

Kanskje ei enkel forklaring, men eg har fortsatt trua mi. Eg har mange flotte salmar eg er glad i, men på grunn av minna om mors song og bøn ved sengekanten kvar kveld, blir valet

## Den fyrste song eg høyra fekk.

Tekst: Per Sivle

Den fyrste song eg høyra fekk,  
var mor sin song ved vogga.  
Dei mjuke ord til hjarta gjekk,  
dei kunne gråten stogga.

Dei sulla meg så inderleg,  
Så stilt og mjukt te sova.  
Dei synte meg ein fager veg  
opp frå vår vesle stova.

Den vegen ser eg ennå tids  
når eg fær auga kvila.  
Der stend ein engel smiler blidt  
som berre ein kan smila.

Og når eg sliten trøytnar av  
i strid mot alt som veilar.  
Eg høyrer stilt frå mor si grav  
den song som allting heilar.

Eg gjev stafettpinnen vidare til mi kjære dotter Nina.

Helsing Turid Haugstøyl